



Postmottak@volda.kommune.no

FRÅSEGN TIL SAKSNR. 22/2041: Søknad om akvakultur for matfisk av torsk på Støylen, Volda.

Gadus Group AS søker om ei lang rekke konsesjonar for oppdrett av torsk langs kysten og inne i fjordane i Møre og Romsdal og Trøndelag. Det er viktig å sjå denne satsinga i samanheng, ikkje berre ein og ein konsesjonssøknad. Dette har med den samla belastinga tiltaka vil ha på villfisken og den totale økologien i fjordane og kystnære farvatn. I Voldsfjorden har Gadus fått ein konsesjon, og søker to nye. Dette kjem i tillegg til tre større lakseoppdrettsanlegg i same fjorden.

1. Kommunen si handsaming.

Då Gadus søkte om ein tilsvarande konsesjon i Alida våren 2021, hadde Volda kommune nesten ingen merknader eller vurdering av søknaden. Den einaste vurderinga gjekk på at faren for steinskred måtte bli vurdert på ny. No oppmodar vi kommunen om å sjå til handsaminga av liknande søknader i Ørsta, Ålesund, Sunndal, Gjemnes og Rauma. Det er ikkje nok å vise til at arealet er sett av til akvakultur. Til ei kvar tid i planperioden har politikarane ansvar for å disponere areala i tråd med overordna mål og ny kunnskap.

2. Det store biletet.

Fråsegna vår er knytt til ein lokalitet på «Støylen» i Volda. Men sidan Gadus legg stor vekt på å knytte søknaden opp mot globale mål og visjonar, både på nettsidene sine og i den aktuelle søknaden, vil vi også kommenter dette.

Vi siterer: *“Gadus Group har et uomtvistelig fokus på bærekraft - som er dypt innarbeidet i vår forretningsmodell, og forankret hos både ansatte, ledelse, styre, eiere, kunder og leverandører. FNs bærekraftsmål er herav en integrert del av Gadus' strategi. Gadus skal derfor følge de aller strengeste standarder og interne retningslinjer for å hindre at vår virksomhet påvirker naturen og omgivelsene negativt.”*

Det er veldig vanskeleg å ta slike lekser alvorleg og som anna enn «grønvasking». Kan dei spesifisere kva dei meiner med *berekraft*? Sett i høve matsituasjonen på ei allereie særst stressa jordklode er denne rekneskapen definitivt negativ (jf. Havforskningsinstituttet sine kommentarar). Fiskeoppdrett krev mykje transport, føring med større mengder andre økologisk viktige fiskeslag, øydelegging av regnskog for å dyrke soya og forureining av naturområde. Kva meiner dei med *forankra* hjå til dømes eigarar og kundar? Viss firmaet har val mellom milliardinntekt og vern av lokale biotopar, kva vel dei

då? Har kundane i Europa eller Kina omtanke for Voldsfjorden? Kva tyder «*dei aller strengaste standardar*»? Er ikkje *føre-var prinsippet* ein slik, endatil lovfesta, standard? Tek dei det på alvor, bør dei vel konkludere med at torskeoppdrett ikkje bør skje i området.

Volda kommune har sin *Samfunnsdelplan 2022-34* ute på høyring. Den refererer også til FN sine berekraftsmål som ei av rammene for framtidig utvikling. Det er difor i høg grad relevant å sjå denne søknaden i eit større, globalt perspektiv. I kapittelet “*Kunnskapsgrunnlag grøn omstilling*” vert konsekvensane av havbruk drøfta. Både belastninga på fjordøkologien og klimaet vert omtalt og skal inn som føringar i den nye planen.

3. Lokaliteten Støylen.

Arealet er sett av til akvakultur (VA4), men det er viktig å merke seg at utanfor dette arealet vert det fortøyingstrosser som går langt over midten av fjorden. Og om *Gadus* også får konsesjon i det dei kallar «*Lokkvi*», på andre sida av fjorden, så vil fortøyingane ligge som ein vev frå Meek til Hjartåbygda. Dette vil vere til stor hinder for så vel fritids- som profesjonelt fiskeri (spesielt etter botnfisk som brosme og lange) i området i framtida.

Både Kilsfjorden og Kilspollen er attraktive område for eit variert fiske og viktige område for kysttorsken. Dette må bli belyst nærare før Fylkeskommunen kan ta stilling til søknaden. Lokale fiskarar sit på kunnskap om gytefelt og oppvekstområde for torsk som ikkje er registrert i søknaden.

Innspel i lokalavisa viser til kjende torskeførekomstar. Ein lokal fiskar frå området har sendt oss dette notatet etter samtalar med andre som har brukt og brukar fjorden:

«På side 13 i uttalen frå Gadus om «vurderinger av mulige beite og oppvekstområder i nærheten av omsøkt lokalitet ved Støylen Volda» står det: «Det ligger ingen registrerte beiteområder for torsk innenfor 20 km fra den omsøkte lokaliteten». Fiskarar i området reagerer sterkt på påstanden.

Lokale fiskarar har (historisk og no) nytta området frå Krumsvikneset innover til Meek og på austsida av Kilsfjorden forbi Bjørnaset, Skardsteinane, Geitslida og mot Høydalsneset til fiske etter torsk. I tillegg er den 3 km lange fjordarma Kilspollen som strekk seg sørover frå Straumshamn eit viktig område for små og store torsk sidan den er grunn (under 25 meter djup), straumfull og med rik tilgang av næring frå elvar og også frå Kilsfjorden på grunn av dei sterke tidvasstraumane. Lokale stammer av blant anna bleikje (hvitting) sild og torsk veks opp her, i tillegg til at laks og sjøaure nyttar området som «venterom» til når vassføringa i Kilselva er god.

Vi ser at Kilspollen ikkje i det heile er tatt med i Gadus sine modellar, sjølv om han berre ligg få km. frå «Støylen» med sterk tidvasstraum som går inn ved Straumshamn. Dette er eit viktig område for kysttorske og lyt takast med på lik line med indre delar av Austefjorden eller Dalsfjorden. Alle områda vi omtalar her er innafor ei strekning på 0 til 8 km frå det planlagde anlegget, straumveges er dei næraste naboar (jf. straummodellar i rapporten).

*I dette området har det vore garnfiske av torsk på seinvinteren i gytetida, både for sal og privat bruk, og elles juksafiske og garnfiske for matauk gjennom resten av året. Erfaringar frå fiskarar er som følger: Vinterstid fiskast torsk gjerne på kjende gyteområde ved Bjørneset og langs stranda frå Skardsteinane og inn til Sætervika/ Høydalsneset. Her er det vanskeleg å sette garn på grunn av rasblokker, men fangsten har til tider vore god. Resten av året er der god fangst av yngre torsk av ypparleg kvalitet slik som langs strendene ved Bjørnesetlandet og i Kilspollen. Det er her heilt vanlig å ta opp ein middag eller to med fine raude taretorskar i løpet av ein times tid (sjå bilete neste side). Mange års sumarfiske med ruse i indre delar av Kilspollen gav (medan det var lovleg) ved kvar «*snuing*» god fangst av småtorsk og heilt opp til torsk på over 13 kg.*

Området er elles kjend som eit område med mykje og variert marint liv. Når det gjeld anna matfisk enn torsk er der som døme fangsta (seinast i sumar) kveite som mest truleg gyt i området, store førekomstar storvakse brosme (desse fangast på line eller med havteine, noko som vil verte umogleg på grunn av dei kilometerlange fortøyingstaua til merdane). Hyse har gyteområde i Kilsbogen og fiskast gjerne i mars april. Lyr finns rikeleg av langs land. Stor havål og den trua og freda vanlege ålen trivst framleis her. Breiflabb og steinbit. Av litt spesielle fiskeslag har det etablert seg ein stamme havabbor i Austefjorden, som også er tatt på garn langs Geitslida vinterstid (... altså ikkje tilfeldige sumargjestar). Eit oppdrettsanlegg vil også ha kjende negative konsekvensar for krepsdyr. Kilsfjorden har godt med reker, og sjøkreps. I tillegg er der hummarbestandar som synes å ha vore i framvekst dei seinare åra. Vi nemner ikkje her dei pelagiske fiskeslaga.

Eit stort hovudpoeng for *Gadus* er altså at gyte eller oppvekstområde for kysttorsk ikkje finst innan 20 km omkrins frå «Støylen». Det vitnar om at dei ikkje sjølv seriøst kan ha prøvd å finne informasjon om torsken i området eller at dei har basert seg på feilinformasjon frå grove modellar utan å sjekke vidare sjølv. At dei har «gløymt» Kilspollen er oppsiktsvekkande også sidan havstraumane går beinveges frå «Støylen», og vil føre genmateriale og ureining inn med enorm kraft halve døgnet, i tillegg til at rømt oppdrettstorsk nok vil søke disse områda. At kysttorsken då kan verte påført sjukdom, parasittar og genendringar er det vel liten tvil om.

For å få meir kunnskap bør ein gjere ei kartlegging av kva lokale fiskarar og fjordfolk veit om torskeførekomstar i området, i tillegg til at sakkunnige bør vurdere Kilspollen og konsekvensar for fisken der. Tyske fisketuristar er konstant i dette området med opptil fire båtar, og mange skriv mest truleg fiskedagbok som kan innhentast. Ei intervjurunde blant lokale fiskarar som har drive med dette i mange år kan moglegvis supplerast med fangstdagbøker som kan dokumentere erfaringane (vi kan hjelpe med å finne slik dokumentasjon). Biotopen kan også undersøkast, delar av Kilspollen er til dømes dominert av ålegras, som er kjend som tilhaldsstad for torsk».



Torskefangst etter om lag ein times fiske med ei stang i Kilspollen (september 2021). Dette er vanleg fangst.

Gadus legg vekt på å ikkje legge oppdrettsanlegga nær gyteplassar eller oppvekstområde for torsk. Det er overraskande og spesielt kritikkverdig at *Gadus* latar som om Kilspollen ikkje finst. Heller ikkje i straumkartillustrasjonane deira ser vi fjordarma. Lars Asplin i Havforskningsinstituttet, som er ansvarleg for den nytta straummodelleringa «Nordkyst 800», informerer oss at oppløysinga er for grov til at dei får med Kilspollen, men at dei gjerne på oppdrag lagar slik modell med høgare oppløysing.

Vi ser at i straumsimuleringane til Gadus er det estimert “aller størst straumdrift” til brua ved Straumshamn/inngangen til Kilspollen (partikkelkonsentrasjon ved eggdrift på nær 100 %), egg vil “bli spylt vidare” herifrå gjennom den svært sterke tidvasstraumen inn til Kilspollen. Med ein meter skilnad på flo og fjøre vil det strøyme inn over 1 million m³, eller 1000 million liter saltvatn gjennom den tronge kanalen og inn i den vel 1 km² store fjorden to gonger i døgnet. Tida frå frislepp frå merdane til fiskeegg rekk Straumshamn er ved maksimum straum berre 2 timar. Det ser altså ut, frå Gadus sine eigne straumsimuleringar, at dette torskerike området som dei *ikkje* har tatt med i vurderingane sine, vil bli særst sterkt råka av gyting (og også ureiningar og parasittar og rømt torsk) frå merdane.

4. Det vitenskaplege kunnskapsgrunnlaget.

Gadus sine vurderingar av torskebestanden i området er ikkje dokumentert godt nok og er feilaktig. Dei har nytta grove data frå eksterne som grunnlag, men som søkar har dei eit sjølvstendig ansvar for å undersøke tilhøva. Det er viktig å få med Kilspollen som ein del av området, med velkjende lokale stammar av torsk, og også vurdere om lakse- og aurebestanden her kan verte endå meir trua enn no. Fiskeridirektoratet, som har laga eit kart over gyteområde for kysttorsk, har nok heller ikkje intervjuar fiskarar i denne delen av fjorden. Dei nyttar *intervju* som metode, og seier sjølve at datagrunnlaget for mange område er for tynt. I dette høvet er det i alle fall klart at erfaringar frå fiskarar og fjordfolka om gyting og viktige oppvekstområde ikkje er kome med.

Havforskningsinstituttet er det mest kompetente fagmiljøet på utviklinga i det marine miljøet. Dei skal vere uavhengige av næringsinteresser og politiske pressgrupper. I Gadus sine omtalar om risiko ved torskeoppdrett nemner dei ikkje dei 11 klare anbefalingane (åtvaringane) frå Havforskningsinstituttet sin nye rapport frå mai 2022 (Rapport 2022-12) (<https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen>). Gadus kommenterer heller fire tidlegare anbefalingar frå Bjørn et al. sin rapport i 2021 (Rapport fra havforskningen 2021-22 ISSN: 1893-4536).

Vi går fort gjennom desse:

Anbefaling 1 frå Havforskningsinstituttet er i kortform: “Lokale gytefelt langs hele kysten, spesielt sårbare fjordbestander bør fortsatt beskyttes mot torskeoppdrett”. Svaret frå Gadus er at dei gjerne vil bidra til å auke kunnskapsgrunnlaget ved at anlegga kan nyttast til forskning, og at dei legg anlegga langt frå torskeområde.

Plasseringa av anlegget langt frå torskeområde er allereie kommentert som feilaktig. Det dei seier om forskning lyt her tolkast som ei merkeleg avleiing.

Anbefaling 2 seier noko av det same som den førre, men spesifiserer at “indre fjordarmar lyt beskyttast spesielt då det kan vere lite retensjon og derav lokale og sårbare stammer.” Gadus sitt tilsvaret er at dei legg anlegga langt frå kjende torskestammer (som er feil her, tidlegare kommentert) og at dei har kartlagt biotopen, spesielt for ålegras og tareskog. Dette er også feil sidan dei ikkje har undersøkt Kilspollen der det er kjende område med ålegras. I tillegg presenterer dei sin eigen, lite truverdige analyse av risiko for genetisk påverknad og påstår at der ikkje er risiko for genetisk smitte. Dei har sankt saman resultat frå forskjellige studiar og rapportar som seier noko om kvar sine detaljar i ei kjede av hendingar. Dette i motsetnad til dei dei tunge vitenskapleg veldokumenterte konklusjonane frå Havforskningsinstituttet. Det ville vore like lett å lage ei anna kjede av hendingar og som her svakt underbygge det med studiar. Eit logisk og sannsynleg scenario er at mange fiskar gyt (og det er snakk om fleire tusen tonn fisk i merdane), egga kjem i vatnet og kan førast med straumen nokre timar eller dagar til torskeområda i Kilspollen der dei hamnar i ålegraset eller flyt vidare til Bjørneset. Her vil ein del torsk vekse fram. Over tid, mest truleg ikkje så lenge, *vil* dette skje.

Sjølv om «kvaliteten» på egg er “gjennomsnittleg dårlegare” enn vill fisk, og viser “mindre overleving” enn hjå vill fisk, vil truleg mange av eggane ha god nok kvalitet til å utvikle seg til yngel og fisk. Gadus sine kjelder her er ein 20 år gamal studie om reproduksjon. Dei presiserer heller ikkje omgrepa «dårlegare» og «mindre»? 1 %?, 5 %?. Om berre få prosent overlever, vil dette kunne representere millionar av yngel som blir klekte, truleg meir enn taretorsken greier å produsere. Rømt gytemoden fisk kan ein heller ikkje «stole på». Genetiske endringar er irreversible. Dei vil spreie seg og kan ikkje reparerast seinare.

Anbefaling 3 viser til at ein *ikkje har nok kunnskap om effekten av genetisk interaksjon mellom villfisk og oppdrettstorsk*. Havforskningsinstituttet viser til erfaringar med lakseoppdrett og antar at risikoen for torsk er høgare enn laks, sidan dei i tillegg til røming gyt i merdane. Tilsvar frå Gadus er påstandar om at dei har brukt mykje tid og funne «omfattande dokumentasjon om at dette ikkje er eit probelem». Dei bruker fleire sider på å argumentere mot effekten av genetisk interaksjon og at domestisert fisk ikkje representerer ein trussel for villfisken. Studiane dei viser til er saman med ein rekke andre studiar også vurdert av Havforskningsinstituttet (Rapport 2022-12). Her er konklusjonen at risikoen er for høg. Vi siterer: «Det finnes [...] ingen vitenskapelig dokumentasjon som støtter påstandene om at oppdrettstorsken som har vært domestisert i 6-7 generasjoner er mindre rømmingsvillig, klarer seg dårlig i naturen, at gyting i merd er begrenset, og at vekstfôret for torsk gir dårlig overlevelse av egg og yngel».

Anbefaling 4 gjeld spreining av sjukdom og påverknad av økosystem. Havforskningsinstituttet viser spesielt til *Strømkatalogen* som kan vise kvar slik smitte kan førast. Gadus har brukt slike modellar (Appendix i Gadus sin rapport om «vurderingar av risiko for påvirkning av villtorsk fra oppdrettsanlegg»), der vi ser at straumen går beinveges og massivt til dei rike områda i Kilspollen. Dei har i rapporten ignorert at den 3 km. lange Kilspollen finst, og at straumen går inn hit. Jf. tidlegare kommentarar.

Gadus har også fått oppfølgande spørsmål frå Fiskeridirektoratet der dei lyt spesifisere omsyn til beite- og oppvekstområde, risiko for genetisk interaksjon, økologisk interaksjon, simulering av spreining av egg og patogenar. Svara frå Gadus er i tillegg til teknikalitetar om merdane og drift, i all hovudsak basert på at dei ligg langt frå område der det finns torskebestandar, og at straumtilhøva ikkje fører egg og patogenar mot slike. Som vi har vist vil korrigerering av kart, naudsynte intervju av fiskarar og lokalbefolkning og grundigare utgreiing av torskebestanden vise det motsette.

Den «vitskapelege» framgangsmåten til Gadus står til stryk. Dei refererer til eit utval artiklar som grunnlag for sine påstandar om lav risiko. Det er lett å finne artiklar som kan bekrefte det ein meiner. Slik forskning har liten eller ingen fagleg tyngde. Større oppsummeringar av tilgjengeleg forskning der uavhengige forskarar søkjer å vurdere kvalitet på, og samsvar mellom, tilgjengelege studiar (slik som i rapporten frå Havforskningsinstituttet) har stor fagleg tyngde. Artiklane/studiane som Gadus refererer til, er også vurderte av Havforskningsinstituttet ilag med andre studiar, men med motsette konklusjonar av Gadus sine. Gadus hevdar dei har diskutert sine «funn» med eksterne fagmiljø, men har sladda/ikkje oppgitt kva miljø det er snakk om. Dette er ikkje ein akseptabel måte om ein skal drive forskning. Då kan ikkje lesaren vurdere kvaliteten på «fagmiljøet» og om dei er uavhengige.

Rapporten er elles prega av påstandar som ikkje tilfredsstillar vitskapelege krav til dokumentasjon eller akseptabel logikk. Til dømes refererer dei eigne erfaringar blanda med studiar som viser at oppdrettstorsk har i snitt *lågare* fertilitet, i snitt *mindre* sjans til å leve, og sperma er av gjennomsnittleg *dårlegare* kvalitet enn hjå vill fisk. *Difor*, konkluderer dei, er moglegheit for overleving tilnærma 0%. Dette er tull. *Ein* torsk gyt millionar av egg, tusen gytande torsk gyt tusen gonger meir. Uansett tiltak og noko dårleg sperma og fertilitet vil ein stor mengde av egg vere

levedyktige og nå fjorden. Dett blir millionar av egg over år. Mest truleg utgjir dette langt meir enn det den lokale kysttorsken klarar å få til. Der er heller ikkje her referansar til kven som har gjort desse undersøkingane, og kva kvalifikasjonar dei har.

Forskingsmiljøa er klare: Vi ber politikarane og kommunen sin sakshandsamar om å setje seg inn i den siste rapporten frå Havforskningsinstituttet om risikovurderingar for vårt område (<https://www.hi.no/hi/nettrapporter/rapport-fra-havforskningen-2022-12>, spesielt kapittel 11.4).

5. Oppsummert: Naturvernforbundet i Ørsta og Volda vil på det sterkaste rå ifrå at ein gir konsesjon for oppdrett av torsk på Støylen.

Havforskningsinstituttet sine eintydige råd i den heilt nye og oppdaterte rapporten frå 2022 er at det ikkje bør opprettast torskeoppdrett i indre fjordstrøk nord for 62. breddegrad. Dei planlagde anlegga tilfredsstiller alle risikoane som er nemnt i rapporten.

Oppsummert har vi følgjande kommentarar:

- Gadus sine eigne risikovurderingar for påverking av lokal torsk er gjort på feil grunnlag. Ein har ikkje søkt kunnskap som viser at der er torskelokalitetar i området eller komplette straumsimuleringar.
- Gadus har oversett den rike Kilspollen. Kan hende sidan pollen er smal og ikkje vert dekte av standardmodellar.
- Det fyl også frå dette at andre instansar sine vurderingar av oppdrettsanlegget er gjort på feil grunnlag. Til dømes Mattilsynet stoler her på Gadus og legg feilaktig i vurderinga si vekt på at anlegget ligg fjernt frå kjende gyte-/oppvekstområde for torsk. Dei har også ignorert lakseførekostane og lakseelvane i dette området.
- Gadus prøver på forskjellig vis å bevise at torsken deira ikkje utgjir nokon fare. Kvaliteten på «forskninga» og logikken i argumentasjonen held ikkje vatn. Dette har preg av manipulasjon. Grunnlaget for vedtak må byggje på vitskapleg haldbar kunnskap frå seriøse internasjonale forskingsmiljø.
- Faglege råd frå uavhengige forskingsmiljø peiker i same retning: Det er for høg risiko å drive med torskeoppdrett i slike område som det er snakk om her. Gadus har sett bort frå den siste rapporten frå Havforskningsinstituttet. Vi vonar ansvarlege instansar lyttar til dei ferske rapportane og ikkje tek sjansen på å skusle vekk naturgrunnlaget vårt.
- Det er oppsiktsvekkande at Gadus ikkje har kjennskap til torskeområdet ved Bjørneset, at dei neglisjerer eller ikkje veit at Kilspollen finst, og at området truleg har genetisk gamle og verdifulle stammar med torsk som vil vere utsette for negativ og kanskje fatal påverknad. Dette åleine bør diskvalifisere søknaden deira.
- Gadus sjølve hevdar dei tek omsyn til Havforskningsinstituttet sine faglege råd, og vil difor ikkje legge anlegg der det er risiko for økosystema. Vi vonar at dei med ny informasjon, i pakt med sine «aller strengeste standarder for å hindre at vår virksomhet påvirker naturen og omgivelsene negativt», viser seg ansvarlege og trekkjer søknaden.

Med helsing,
Naturvernforbundet i Ørsta og Volda,
Knut Festø, lokallagsleiar.